

# Kyrkjeblad *for Vestre Slidre*



Foto: Marit Skredegård, Gol

## Konfirmantar 2020



Rad 1 (nederst)(fra venstre): Marit Ingeborg Garvik, Marte Garvik, Frida Leanne Rogn Hamre, Kathrine Solly Tjernslien, Maja Rying  
Rad 2: Martin Svanheld Hippe, Ingrid Johanne Solheim, Ingrid Saxeård Olsen, Ingrid Myrvang, Julie Øen Tvenge,

Anne Elisabeth Roos

Rad 3: Sokneprest Berit Kristin Klevmoen, Luka Dominik Vladovic, Jan Monsen, Simen Eng Lagrød, Vilde Vik Hamre,  
prost Carl Philip Weisser

Rad 4: Sigurd Andris Sørensen, Riss Marie Nakimana, Frank Johan Bring, Simen Dalbø, Steffen Lyngstad

Rad 5: David Jacobsen, Halvor Hamre Sjøenden, Markus Hauglund Øyen, Håkon Haugli Lasskogen, Jostein Tveit Myrvold  
Amund Olsen Johme var ikkje til stades.



# Døra sto open ...

Eg hadde låst opp kyrkjedøra til Slidredomen med den stor nøkkelen åleine for fyrste gong. No sat eg i kyrkjebenken rett innafor døra og venta på konfirmantar. Eg visste ikkje kven dei var. Dei hadde meldt seg til å vera ministrantar på gudstenesta der eg skulle bli innsett.

Eg høyrt lydar utanfor og reiste meg – for eg ville gjerne ta godt imot dei. Der sto ein kar. Han sa; «Eg såg døra var open og ville einast inn». Eg sa namnet mitt og han sa sitt – Jahn Børø Jahnsen. Eg vart litt forfjamsa og sa høgt. «Velkommen – historikaren min – deg treng eg!» Vi sette oss ned attmed døra. Augo våre vandra rundt i kyrkjerommet.

«Kva er det fyrste du legg merke til når du kjem inn hit?» spurde eg. Momentant svara han: «Rommet. Dette store rommet». Og han fortalte med undring om korleis det måtte vera for dei i mellomalderen å kome inn gjennom den opne døra og inn i dette store, høgreiste, lyse rommet frå dei små mørke, låge lafta husa sine. Kva kjende dei når dei kom inn her?

Eg trekte pusten og kjende ei glede. Det måtte vere ei kjensle av himmel dei såg, tenkte eg. Frå mørket til ljuset. Frå det tronge til det vidopne. Her kunne dei sjå opp og utover. Her kunne dei kanskje rette ryggen? Dei trong dette annleisrommet. I livet. Eit rom der noko *større* bur.

Kyrkjerommet. Eg òg treng det. Rommet tek meg med på ei vandring. Vandring i eige liv her og no slik livet er. Samansett og ikkje rettlinia. Det gjev rom for tankar og kjensle om håp og framtid. Eit gamalt hus som *stend om enn tårna mun falla*. Eit gamalt hus som kalla på gamal

*og på ung, og mest då på sjela trøytt og tung* (Ns 530 i fritekst). Her er det godt å vere – og inn gjennom den opne døra kom konfirmantane...

«Velkommen», sa eg og gav dei vatn og sjokoladekake ved døypefonten. Historikaren gjekk ut gjennom den opne døra. Og konfirmantane viste meg korleis dei brukar rommet vi sto i. Eg fall til ro og nynna...

Fall til ro og kjenn at jeg er Herre.  
Fall til ro, ja, sett deg bare ned.  
Fall til ro og kjenn at jeg er din Gud.  
Jeg vil gi deg av min fred. (Ns 455)

Kyrkjerommet. Her er rom for byrjing, undring, stadfesting og forventing. Det er rom for anger, tvil, sakn, kjærleik og begeistring. Rom for stille, takksemd og glede. Med rom for håp. Eit rom å rette ryggen i. «For Gud gav oss ikkje ei And som gjer motlaus; vi fekk Anden som gjev kraft, kjærleik og visdom» (2. Tim 1,7)

Velkommen. Døra er open!

\* \* \*

Eg er ny her i bygda og ny i desse flotte kyrkjene de kjenner so vel. Eg er glad for å vere her. Glad for å kunne gå saman med dykk vidare.

Herren velsigne deg og vare deg.  
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nadig.  
Herren lyfte sitt asyn pa deg og gje deg fred.

Helsing Berit Kristin – prest

# Tale til Berit Kristin Klevmoen

**Aslag Hamre held tale på innsetjingsfesten for Berit Kristin Klevmoen den 23. august.  
Kyrkjebladet har fått lov å gje att talen hans.**

Hjarteleg velkommen til Berit Kristin som ny sokneprest i Slidre!

Triveleg å kunne ynskje velkommen til feiring i din hage... Dette har vi gleda oss til og venta på lenge.

Vi som var nyvalde i sokneråda sist haust kom berre så vidt i gang før vi fekk melding om at Ola og familien ville flytte vestover. Utsiktene til ny sokneprest var ikkje førespeglia å vera enkle, men du, kor bra dette har løyst seg. Det kjennest umiddelbart som vi har vunne ein stor vinst!

Vi trur vi har funne den presten vi var på leiting etter. Eg oppfattar at vi deler mykje verdigrunnlag, og trur det ein ubetinga fordel at du har så stor erfaringsbakgrunn, også utanom prestegjerninga.

Mange i Vestre Slidre håpa på ein kvinneleg prest, kanskje mange kjenner på at det er lettare å dele av livets utfordringar med ei kvinne?

Folkekirkja står sterkt. Vi fyller ikkje kyrkjebenkane på vanlege messesundagar, men folk flest reknar med kyrkja si, er glad i henne og søker kyrkja i mange samanhengar gjennom åra.

Kveldagskristendommen er her. Eg hadde ei samtale med ein nabo sist veke, praten gjekk om traktor og dyrestell. Neste tema var korona. «Trur dette er bestemt av høgare makter, om vi blir råka av smitte eller ikkje,» var hans påstand. Ja, eg var samd, men det er kanskje lurt å likevel hjelpe til der vi kan...

Kyrkja står strekt i Vestre Slidre. Karsten Isaksen siterte ein halling: «Me trur på Gud, men me era kjí avhengige tå'n». Det er dobbel botn i dette utsagnet. I all vår velstand kan det vera lett å sjå seg uavhengig av kyrkja, men slik er det ikkje i praksis. Kanskje er behovet for ei sterk kyrkje større enn på lenge med alle dei utfordringane vi står framfor som enkeltmenneske og som samfunn.

Du vil møte stor velvilje frå mange hald, ver frimodig



og grip sjansen til å spela inn nye idear, gjerne idear som kan fornye kyrkja og kyrkjelivet i Vestre Slidre.

Vi har forventningar til soknepresten, og til oss sjølve, og til oss som kyrkjesamfunn:

Arbeidet med barn og unge, konfirmantåret spesielt, dette er viktig for dei som får vekse opp i bygda vår. I arbeidet med dei unge er det håp om endringar, dette er ikkje så lett med oss tilårskomne.

Hjelp oss med å ta vare på kvarandre i nærmiljøet – og elles i eit verdperspektiv.

Ta vare på ein solidaritet som kan utfordre det å vera seg sjølv nok, ei motvekt mot dagens utvikling.

Ver ei tydeleg stemme for menneskeverd uavhengig av farge, kjønn, nasjonalitet og interesser.

Måten vi kommuniserer på fargar oss, og fargar samfunnet vårt. Gode samfunn har ei bevisst haldning til korleis kommunikasjon må og bør vera.

Vi ynskjer oss ei levande kyrkje med mykje felles innhold og plass for alle.

Nok ein gong, hjarteleg velkommen til Slidre, Berit Kristin, og lykke til med mange gode år i arbeidet for folkekirkja vår.

*Aslag Hamre*

# Konfirmasjonen som berre så vidt rakk å bli gjennomført før mikkjelsmess...

Framsida av kyrkjebladet vert i dag pryda med eit bilde av dei nye konfirmantane våre, og konfirmasjonshandlinga har nett funne stad.

2020 vart året som ikkje likna noko anna. Nesten over natta vart det brot på rutiner, karantene pga smittevern-omsyn, stengde skular, barnehagar og arbeidsplassar, avgrensing av ulike aktivitetar og reinsemd og omsyn til fråstand av nye dimensjonar. Dette fekk konsekvensar for kyrkjelivet og kyrkjelege handlingar og.

Her i Vestre Slidre har konfirmasjonen, så lenge vi nolevande individ kan minnast, gått føre seg i slutten av mai eller først i juni, men koronaen sette ein stoppar for det. Tradisjonen vart brått broten, og 15-



Adolph Tidemand: «En katekisasjon i Hiterdal», 1845.


åringane våre fekk først stadfesta dåpspakta si i slutten av september, altså i siste liten før mikkjelsmess som er den 29. same månaden.

Tidspunktet for konfirmasjonen i år har falle saman med alt anna som skal ordnast om hausten, og det er ikkje så reint lite.


Frå gamalt har mikkjelsmess eller Mikkelsmesse vore knytt til innhaustinga, med dominerande stilling som merkedag på primstaven, ofte i form av ei skålvekt. Den reformerte kyrkja feira hausttakkefest på denne dagen, og tok med det over for haustblotet frå hedensk tid.

Mikkjelsmess var og dagen for oppgjer og fristar, stadfesting av nye og gamle avtaler, godtgjerdsle for korn, potet og utført arbeid. Skattar og avgifter skulle og vera betalt innan denne datoен, heile avlinga skulle vera i hus, buskapen henta frå setrene og sauene samla og ført ned frå fjellet. Ordet buferdsdag kjem frå dette. Mange stader kunne den første snøen koma på denne tida, så her var det berre å ordne seg slik at ein var budd til vinteren.

Husdyra skulle og vera inne mikkelsnatta, ellers vart dei fulle av lus, sa dei oppi Vang...



Vincent van Gogh: «Kvinne som skjer korn», ca. 1889.



Adolph Tidemand: «Mann som sler gras» 1889.



Vincent van Gogh: «Kornband», 1889.



Våpeneskjold fra Wien-Heiligsyadt der vi ser Mikael med flammesverd i kamp mot draken (djevelen) og med skålvekt til å vega sjelene med.

Dagen 29. september er til minne om erkeengelen Mikael, og heiter eigentleg «Erkeengelen Mikael og de hellige englers fest». 29. september var dagen då Mikael openberra seg for folket på eit berg, Monte Gargano (Italia) på 300-talet. Han høyrer med til dei eldste helgenane i Norden, og er eit av dei mest kjende motiva fra gamle kyrkjer. Der er han framstilt med ei skålvekt fordi han på dommedag skulle vega sjelene, og såleis skilje menneskeflokkane – dei fortapte frå dei salige. Dette bildet skriv seg opphavleg frå guden Osiris i den gamle egyptiske mytologien; han vog sjelene før dei etter døden slapp inn i Den andre verda.

Eit visjonsdikt frå 1300-talet og nedskrive rundt 1850 i Telemark er «Draumkvedet», der nokre av versa handlar om Mikael på dommens dag. Der er det mellom anna sagt:

«Det var Sankte Sålmikjel, han vog i skålevikt, så vog han alle syndesåline burt til Jesum Krist» (Sål = sjel.)

Med dette får vi vel seia oss nøgde med at konfirmasjonsdagane her i bygda vert avvikla før denne tid, slik at vi kan sjå fram til vinteren utan uro og sut.

# Olsok i gamle Lomiskyrkjun

Tradisjonen tru vart det gudsteneste i Lomen stavkyrkje i år også. Lomen sokneråd stilte med traktering og sal av rummegraut. Takk til kantor Are Alund som hadde fått tak i Gunvor Hegge, ho spelte langeleik under gudstenesta!



Gunvor med langeleiken.



Soknerådet i Lomen kan dette med traktering!

## Madonnahovudet i Lomiskyrkja


Kva var det for jordisk kvinne  
som løyner seg i dine drag?  
Kva var det for nattedraumar  
som meisteren gjorde til dag

då han skar dine reine liner  
og gav deg eit ævelangt liv  
slik at eg sit her i einsemd  
og undrast på deg og skriv?

Du overlevde det valdsverk  
som nidkjære ombrøytingsmenn  
gjorde mot heilage skurden  
i mang ei kyrkjegrond.

Maria!  
Dei krasa din lekam.  
Men sjela di lever enn.

TRYGVE BJØRGO  
Frå Kvit hest under hegg 1972



# Gudstenesteliv om sumaren

Om sumaren er det stille i kyrkjene utanom når det er gravferd eller bryllaup. Kyrkjetenaren skal ha litt ferie, han òg. Men, det er gudsteneste nesten kvar helg, anten til fjells eller heime i bygda.

Det var gudsteneste på Syndinstøga 12. juli, på Mo kyrkjeruin 19. juli, på Fystro 26. juli, Olsok i Lomen 29. juli og på Vasetstølen 2. august. altså fem gudstenester i løpet av sumaren.



*Maria ved  
eit flott  
«altar» på  
Syndin-  
støga og  
Syver i godt  
driv på  
fela.*



19. juli var det gudsteneste på Mo, me hadde ingen fotograf ved dette høve. Maria var prest, Ingebjørg klokkar, Johanna og Sigbjørn leidde salmesongen, Torill og Robert var kyrkjevertar.

26. juli skulle det vera gudsteneste på stavkyrkjetomta på Fystro, men det regna såpass at Eline og Øyvind ba oss inn i eit av husa! Historielaget stilte med kyrkjekaffe, og det vart ei triveleg stund med omlag 20 personar til stades.

2. august var me samla på Vasetstølen. Dette var siste gudstenesta til Maria i Vestre Slidre, iallefall i denne omgang. Magnhild var klokkar, Are spelte piano ved dette høvet, Johanna spelt nokre klokkelåttar og Stein Ivar var kyrkjevert.



*Øyvind og  
Eline ba  
oss inn i  
regnvêret!  
Takk!*

*Magnhild  
hadde med  
blomar til  
Maria som  
takk for  
tenesta  
hennar i  
bygda.*



# *Elvane strøymer, steinane står...*

Slik seier Safet Vladovic det

Safet Vladovic, 53 år gammal, fra Serbia, gift med Florentina fra Romania, to barn og eitt barnebarn, altmulemann i kyrkjene i Vestre Slidre.

Safet og familien kom til Noreg i 2004. Dei var på Koppang i Østerdalen det fyrste året og vart kjend med mange der, mellom anna kjem soknepresten i Koppang i konfirmasjon i familien no i haust!

I 2005 kom dei til Røn, og frå 2013 har Safet arbeidd i kyrkja. Han er ringar og reinhaldar i alle sokn, kyrkjetenar i Røn og Lomen og kyrkjetenar i Slidre ved bryllaup og gravferder. Safet har teke kyrkjetenar opplæring steg 1 og 2, steg 3 vil han ta i vinter. Han har også vore på samlingar for å lære å ringje med kyrkjeklokken.

Ingen vil ha slik jobb, seier Safet, eg har aldri helgefri... Arbeidet er bra og variert, og eg har noko kontroll på arbeidstida. Det er ingenting spirituelt med å vera kyrkjetenar, men ein blir rein i sjela og ein har ingenting å tapa på å tru. Eg møter folk både i glede og sorg og prøver å vera ein positiv person og eit førebilete for kyrkja. Men - eg er ein vanleg mann!

På spørsmål om kva han, som kyrkjetenar, set mest pris på i løpet av året, svarar han fort at det er juleaftan i Rønskyrkja! Det er så pent der og så god stemning. Då kjenner eg at jula kjem!

Ved sidan av arbeidet i kyrkja, har Safet eige målarfirma. Han gjer det meste innan måling: Interiør, eksteriør og kunstmåling. Han har måla mange motiv frå norske folkeeventyr (fin måte å bli kjend med norske eventyr og kunstnarar på, seier han sjølv...), han målar jaktmotiv og han friskar oppatt skrifta på gravsteinar. Fyrste åra han budde i Røn gjekk han berre under tilnamnet Picasso!

Eg ynskjer meg eit litt rolegare liv utan så mange prosjekt, seier Safet. Hobbyen hans er modellbyggjing, han byggjer til dømes bilar, fly og tanks.



«Eg kan halde på heile natta. Det er ein dyr hobby, men eg lærer mykje og brukar ikkje pengar på noko anna.»

Arbeidet i kyrkja er lagarbeid, og han har samarbeidd med mange i løpet av dei sju åra han vore der. «Arbeidet mitt er viktig, eg skal vera profesjonell, men fleksibel.»

Tilsette i kyrkja kjem og går, elvane strøymer, men steinane står.

# Marie Walfridsson, vikarpresten vår!

Marie Elisabeth Walfridsson, 37 år, kjem frå Ystad i Skåne i Sverige. Før ho begynte på utdanninga til prest studerte ho journalistikk i England og var reiseleiar. Ho kom til Oslo for ti år sidan og arbeidde då i eit reklamebyrå. Ho begynte på det teologiske fakultetet ved universitetet i Oslo i 2014 og blir ferdig våren 2021. Ho bur i Oslo saman med mannen sin



Blid og omgjengeleg, snøgg i snudnaden! Takk!

som er kyrkjemusikar. Sommaren 2016 var ho sommarvikarprest i Bagn og Vestre Slidre, og kom til Vestre Slidre att 20. april i år og arbeidde her fram til vi fekk ny sokneprest. No arbeider ho som vikarprest i Sør Aurdal og skal vera der fram til jul.



Magnhild hadde med blomar til Maria under siste gudstenesta hennar på Vasetstolen.



## GULLKONFIRMANTAR

Astrid Skattebo Prestegge, Anne Lise Hegge, Dag Hålien, Anne Britt Øyen, Anne Lise Tvene Johansen, Målfrid Kirkeengen, Tove Ranveig Noreng, Astrid Hovi.  
2. rekke: Oddvar Dalbø, Ole Høyne, Ola Myrvang, Lars Brestad, Eivind Brenna, Olaus Ulven, Sokneprest Berit Kristin Klevmoen.

# Fine gravplassar i Vestre Slidre

Steinar Dalen begynte i kommunen 1989 med ansvar for kyrkjegardane og som gravar.

Dei som er på kyrkjegardane ser kor fint og velstelt det er! Etter at det har vore gravferd, er det pynta og fint, når kista er senka og det blir fylt på jord blir det ikkje ein stor haug med jord, men ei fin grav.

I samtale med Lars Brestad som har oversikt over alle gravene i Vestre Slidre og som stikk ut kvar gravene skal ligge, kom det fram at kyrkjegardane dekker 25,3 mål fordelt på Lomen 9,5 mål, Slidre 9,7 mål, Røn 4,8 og Øyar 1,3 mål. Steinar slår 2 gonger i veka og stussar kantane og rundt gravstøttene ved behov.

Takk for ypparleg arbeid, Steinar!



## Sommarkonsertar i Slidredomen

Tysdag 21. juli fekk vi besøk av Simen Kjærdsalen på gitar og Jan I. Sørensen, poet, Dei to heldt ein roleg og stillfaren konsert ein vakker sommarkveld i Slidredomen. Kjærdsalen hadde dagen i førevegen nytt kyrkja til å gjere opptak av sin eigen musikk og kvitterte med å halde konsert med den same musikken dagen etter. Han framførte fleire små, rolege stykke frå ei samling som han hadde kalla Tristans harpe. Jan I. Sørensen framførte eigenskriven lyrikk frå ei samling som var under utgjeving, *Ord for ikke*. Han kunne fortelje at dei moderne dikta i stor grad var skrive til minne om dei to systrene sine. Litt over tredve personar møtte opp og fekk oppleve ein roleg, kontemplativ og vakker konsert. Dei to musikarane vart takka og fekk med seg høvesvis ei CD-plate med hardingfele-

slåttar spelt på gitar av gitaristen Haldor Røyne og ei diktbok av Trygve Bjørgo som takk for konserten.

På ein av dei varmaste dagane i summar, sundag 9. august hadde Helena Wright og Are Alund konsert for fiolin og orgel. Dei to framførte eit program med vekt på nordisk musikk frå 1900-talet. Dei 25 publikummarane fekk høyre musikk av komponistar som Otto Olsson og Joseph Rheinberger, folketone-inspirerte komposisjonar av Erland van Koch, Egil Hovland, Aslak Brimi og Klaus Egge, i tillegg til moderne musikk av komponister som Aulis Sallinen og Conrad Baden. Eit lokalt innslag var Jan Elgarøy sine arrangement av tre folketonar frå Valdres.

Sommarkonsertane er arrangement som vi håpar å kunne halde fram med seinare år.

# Dugnad på kyrkjegardane Lomen

Hvert år, i mai, har det blitt lagt ned mange dugnadstimer ved kyrkjegardane i Lomen sokn. I år var det kun soknerådsmedlemmer som fikk delta, p.g.a restriksjoner i forbindelse med den pågående koronapandemien.

Dugnaden ble fordelt over to ettermiddager ved Lomen kyrkje og en ettermiddag ved Lomen stavkyrkje. Det ble raka, klipt busker, fjerna tre, kjørt bort avfall og Gullik fikk laga ei ny oppslagstavle som ble satt opp utafor kyrkjegarden. Gjennom hele sommeren vil soknerådet også som alltid stelle og vanne legatgravene ved Lomen kyrkje.



## Røn

Dugnad er visstnok eit ord som berre blir brukt i Noreg. Alle veit kva det er, og det er viktig i så mange samanhengar! 4. mai fekk soknerådet gjort mykje arbeid på kyrkjegarden i Røn. Me hadde med oss ekstra mannskap med motorsager og fekk fjerna tre og buskas ved det øvre feltet. Jan Erik hadde med traktor og Erik Røn gav oss lov til å tippe alt i skogen nedanfor garde sin. Dette vart ein grepa sjau! Grepa innsats frå alle!



Gunvor lesser full hengaren hans Sigbjørn.



Jan Erik stilte med traktor og køyrd vekk mange lass!



Marianne og Ingunn kan bruke riva!



Eivind kom og hjelpte til, takk, det gjorde at me vart ferdige!

## Slidre

5. og 11. mai var det dugnad ved Slidredomen. Dette er den største kyrkjegården i Vestre Slidre, heile 9,7 mål! Ingenting å seia på innsatsen!



Godt med kaffepause!



Ivar og Aslag i godt driv.

# Dugnad!

Søndag 23/8 var det innsettingsgudstjeneste i Slidredomen for B.K. Klevmoen. Jeg mintes vagt fra forrige fellesmøte at noen av oss skulle forberede dagen før, men var usikker på tidspunktet.

Jeg ringte Per Olav Eide, for jeg visste at ihvertfall han sku værra med, men fikk kun opptatt-signal. Jeg hadde ikke før lagt fra meg mobilen før den begynte å kime og det var'n Per Olav: Ved 10-tida, sa'n. Myndig, men hyggelig, og jeg tenkte at han var av den gamle skolen og kaster ikke bort tida på fjas på tlf.

Jeg ankom prestegarden og der blei jeg møtt av tre hyggelige herrer: Før omtalte Per Olav, Gullik og'n Ivar. Vi skulle løfte opp nederste del av lavvoduken og laga «strutteskjört» i anledning den noe utvida kjerkekaffen. Plutselig forsvant Per Olav men bare for å registrere at han hadde trylla fram arbeidstegninga på lavvoen . Det viste seg at illustrasjonen var utstyrt med de to «verdensspråka» engelsk og ... svensk.

Det blei litt liv i leiren, da vi var usikre på hvilket språk som lå oss nærmest, men en strålende opplagt Ivar Haugrud losa oss gjennom de praktiske prosedyrene og'n Gullik visste hvor alt av stokker og pilarer sto. Per Olav hadde et overordna tilsyn med det hele og tro til når det trengtes.

Den hakket mer teoretisk anlagte undertegnede gjorde som han pleide å gjøre rein yrkesmessig når kompetansen ikke strakk helt til; om du ikke har peiling, så henvis i Himmelens navn til spesialister på området, og det var det rikelig av på denne etterhvert så behagelige lørdagen.

Plutselig sang det i no'n koppar og kar og rundt hushjørnet kom selveste «åpenbaringen», eller ihvertfall så nære vi kan komma...., hovedpersonen for morgendagen. Et brett med kaffi og en mjølkeskvett samt en stødig rull med vel-smakende karbohydrater var staselig lagt opp på

et brett og fire svette karer i sin beste alder beveget seg i retning oasen og tok en 5-minutter. Vi takka som best vi kunne, men fikk grei beskjed fra den geistlige at «dette skulle bare mangle».

Ettersom blodsukkeret steig, kom den ene historia etter den andre, og lokalkunnskapen min om kommunen fikk seg et verdifullt og humoristisk påfyll. Etter at'n Ivar beskrev de tidligere renovasjonsforholda i kommunen, tenkte vi som så at det var godt at verden hadde gjort framskritt også på det området, og det var greit å få fullført jobben. Benker og bord ble satt på plass med tanken om enmetersregelen spikra fast i bakhuet.

Vi var litt bekymra for vinden, så strutteskjørtet måtte sikres for dette formål så vi alle kunne få en god natts sovn. Takk skal dere ha, karer !!

Med hilsen  
Stein Ivar Sørensen



Strutteskjørta på lavvoen er oppe, soknerådsmedlemene er godt nøgde!

# Praktverk om Slidredomen


Med boka *Slidredomen. Katedralen i Valdres* kjem Jahn Børre JahnSEN med ei ny bok om den gamle hovudkyrkja i Valdres, 37 år etter at han skreiv *Slidredomen 800 år*. Og det har verkeleg vorte ei ny bok. Teksten er meir popularisert enn i den førre boka, og ho inneheld eit stort og vakkert bilet-materiale. Dei fleste bileta er tekne av Ola Døhl, som var presten vår i tida 2012–2020.

I åra som har gått sidan den førre boka vart skriven, har vi fått ny kunnskap om Slidredomen. Tidlegare trudde ein at kyrkja var bygd mellom 1150 og 1200, men ved hjelp av nye metodar har det vore mogleg å tidfeste byggjeåret meir nøyaktig enn før. Kyrkja er no datert til ca. 1268. Ho er den største av dei tre steinkyrkjene i Valdres frå mellomalderen, men ikkje den eldste.

Boka, som er på 160 sider, fortel historia om korleis kristendomen kom til Valdres, om kyrkjebygging og om kyrkjelege kunstskattar som har vore i bruk i Slidredomen i hundrevis av år. Vi får eit innblikk i alle dei som har vore prestar i kyrkja gjennom godt 750 år, og om andre kyrkjeleg tilsette. Vidare får vi vita litt om korleis kyrkjesokna var inndelte i eldre tid, og om kyrkjene som høyrd inn under Slidredomen.

Det er Vestre Slidre Historielag som no har teke eit stort økonomisk lyft, med støtte frå Vestre Slidre kommune, for å spreie ny kunnskap om den gamle kyrkja. Kvittvella Forlag har gjeve ut boka på vegner av historielaget.

Forfattaren av boka, Jahn Børre JahnSEN, er kjend for dei fleste valdrisar. Han er fødd og oppvachsen i Oslo, men kom til Vestre Slidre som lærar ved Vestre Slidre ungdomsskule i 1971. JahnSEN er utdanna historikar og har vore lektor ved Fagernes vidaregåande skule. Seinare vart han konservator ved Valdres Folkemuseum og leiar for Opplandsarkivet. I dag bur han på Lørenskog, men han har hytte i Ulnes og er der mykje av året.



I Vestre Slidre var JahnSEN lokal leiar for utgravingsarbeidet ved Mo kyrkjeruin. Det var starten på eit stort lokalhistorisk arbeid som han har lagt ned i Valdres gjennom snart femti år. JahnSEN har skrive mange bøker om historiske emne – ikkje minst om kyrkjene i Valdres.

Vi planlegg ein presentasjon av boka før jul med forfattar, fotograf, forlag og elles dei andre som har ansvar og ære for den nye utgåva. Slidredomen blir staden, men dato er ikkje fastsett.

Om du ynskjer å kjøpe boka straks, ring 90944367 eller 95210714.

Historielaget er stolte av å ha teke initiativet og gjennomført dette prosjektet. Boknemda har vore Jahn Børre JahnSEN, Ola Døhl, Eivind Brenna, Finn Helge Lyster og Ingebjørg Moe.

# KYRKJELEGE HANDLINGAR

## Februar – september 2020

### Døypte

<b>Røn sokn:</b>	13.09	Leon Lagrud
<b>Slidre sokn:</b>	05.04	Kristine Strand Hande
	31.05	Embrik Sørli
	21.06	Emil Einang-Tovrud (busett i Nedre Eggedal)
	21.06	Melissa Nyhagen Moen
	19.07	Madeleen Sandaker Brenna
	04.09	Riss-Marie Nakimane
<b>Lomen sokn:</b>	28.06	Vebjørn Flemmen Trøsvik
	28.06	Jakob Brennvall (busett i Heggedal)

### Vigde

<b>Slidre sokn:</b>	06.06	Margitta Cordes og Bjørn Henning Bøe (busett i N.Aurdal)
<b>Lomen sokn:</b>	29.08	Ieva Greblikaite og Kjetil Rasmussen (busett på Hosle)

### Jordfesta

<b>Røn sokn:</b>	24.04	Borgny Kristiansen	f. 1931
	28.04	Torleiv J Hjelle	f. 1934 (Øyjar)
	05.05	Aagot Dokken	f. 1930
	08.05	Gustav Johnsrud	f. 1923
	20.05	Gunvor Marie Lagrud	f. 1933
	23.06	Arve Birger Ringen	f. 1942
	29.06	Jenny Helen Flønes	f. 1958
<b>Slidre sokn:</b>	08.04	Kåre Ragnar Østgård	f. 1954 (urne til Tingnes)
	28.04	Berit Kristine Solberg Korslund	f. 1948 (busett i Vang, urne)
	12.05	Erik Magnus Bergum	f. 1939
	24.07	Per Kristian Tvenge	f. 1948
	28.07	Anne Berit Lien	f. 1947
	31.07	Anne Sigrid Oldre	f. 1947
<b>Lomen sokn:</b>	10.01	Asbjørn Yrstad	f. 1919 (busett i Vang)
	15.04	Marit Kjøs Egge	f. 1927
	26.05	Gullik Hovda	f. 1926
	05.06	Skjalg Åsolf Voje	f. 1937
	14.08	Gullik Lome	f. 1999
	26.08	Warda Svarttjernsveen	f. 1953

Obs! Ved ein feil blei Olav Ivar Viste (som blei jordfesta 5.november 2019) ført opp både i kyrkjeblad nr 3/2019 og nr 1/2020; i siste nr. sto han oppført med feil dato og feil sokn. Asbjørn Yrstad skulle vore ført opp i nr.3/2019, men blir ført opp no i staden for. Vi er lei oss for dette, og beklagar feilen.

## Bach og folketonar i Slidredomen

På ein hustrig haustdag fekk bygda besök av ein nydanna vokalkvintett, Early Voices. Dei profesjonelle songarane Mari Johanne Müller, Kristine Våge, Sean Bell, Robert Lind og Peder Arnt Kløvrud heldt konserten «Nu rinder solen» i Slidredomen 27. september. Kvintetten trollbatt publikum med ei imponerande og virtuous framføring av Bachs motett «Jesu, meine Freude». Verket er ein av Bachs seks motettar, ein komplisert komposisjon på over 20 minutt, antageleg skriven til ei gravferd. Dei fem songarane meistra det komplekse verket på ein framifrå måte og imponerte med innforstått musikalsk kommunikasjon og klokkeleine harmoniar. I tillegg fekk publikum høyre sju folketonar i arrangement av ulike komponistar. Bjarne Sløgedal sine arrangement på «For Guds folk er hvilen tilbake» og «Herre Jesus gi meg nåde» er klassikarar på det

norske korrepertoaret. I tillegg til dette presenterte kvintetten eit heilt nytt arrangement over «Ingen vinner frem til den evige ro» av komponisten Håvard Gravdal. To av dei andre tonene, «Nu rinder solen op af Østrelide» og «I Oletjedn, i Olekjinn» vart komponerte i 2018 til Øystre Slidre sanglag sitt jubileum er inntil no ikkje framført av andre enn dette koret. Applausen etter «I Oletjedn, i Olekjinn» bekrefta den kjensla vi sat med under framføringa; at kvintetten makta å lyfte publikum ut av tid og stad og kjenne den såra smerta hjå mora som mista guten sin til dei underjordiske oppe ved Olevatnet i Øystre Slidre. Etter eit forrykande sistenummer, Henrik Ødegaard sitt arrangement av «Som den gyldne sol frembryter» fekk songarane velfortent applaus og blomar. Vi håpar å kunne invitere dei attende snart.

# MESSELISTE

Dato	Dag	Tid	Stad	Prest
<b>OKTOBER</b>				
04.10	18. s. i treeiningstida	11.00	Lomen	
11.10	19. s. i treeiningstida	<b>FRIHELG</b>		
18.10	20. s. i treeiningstida	11.00	Slidredomen	
25.10	Bots- og bønedag	11.00	Øyjar	
<b>NOVEMBER</b>				
01.11	Helgemessesøndag	11.00	Slidredomen	
08.11	23. s. i treeiningstida	<b>FRIHELG</b>		
16.11	24. s. i treeiningstida	11.00	Slidredomen	
22.11	Domssøndag/Kristi kongedag	11.00	Lomen	
29.11	1. s. i advent	11.00	Røn – Lys våken	
<b>DESEMBER</b>				
06.12	2. s. i advent	11.00	Slidredomen – Taizé	
13.12	3. s. i advent	11.00	Røn	
17.12		09.00	Slidredomen – Skolegudsteneste	
17.12		10.00	Slidredomen – Skolegudsteneste	
20.12	4. s. i advent	<b>FRIHELG</b>		
24.12	Julaftan	12.30	Slidreøya	
24.12	Julaftan	14.00	Lomen	
24.12	Julaftan	15.00	Slidredomen	
24.12	Julaftan	16.00	Røn	
25.12	1. juledag	11.00	Slidredomen	
26.12	2. juledag	11.00	Sjukeheimen	
27.12	Romjulssøndag	<b>FRIHELG</b>		

På kvar messe blir det tatt opp takkoffer. Kven som mottek offeret blir opplyst om på gudstenesta.

I den særskilde tida vi står i no, kan situasjonen endre seg raskt. Vi må forhalde oss til retningslinene som styresmaktene gir oss, og innrette oss etter dei. Det betyr at gudstenester og/eller anna arrangement i kyrkja kan bli avlyst på kort varsel. Vi ber dykk om å respektere dei tiltaka vi har ved kvart arrangement og hjelpe oss så godt de kan med å overhalde dei gjeldande smittevernsreglane. Endringar vil bli annonsert på kyrkja si nettside og facebookside, kan hende også i avis.

## OBS! I haust skal det vedtakast justering av hovudgudsteneste. Alle sokna skal godkjenne justeringa

Prosessen fram mot justering av hovudgudsteneste vil vere slik:

Forslag til justert liturgi blir utarbeidd av kantor Are Alund og sokneprest Berit Kristin Klevmoen. Forslaget blir presentert på felles soknerådsmøte 13. oktober. Der får dei einskilde sokneråda ta stilling til å ha ein felles liturgi i heile kommunen og kome med innspel.

Eit revidert forslag til liturgi blir lagt fram på soknemøter etter gudstenesta i:

- Røn: 25. oktober, Øyjar kl 19.30
- Slidre: 15. november, 11.00
- Lomen 22. november, 11.00

Dei ulike soknemøta blir annonsert i ei felles annonse i veke 43. Endeleg justering trer i kraft frå første gudstenesta i desember.

# KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret er stengt for besøk inntil vidare. Ta gjerne kontakt på telefon!

## TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd

Namn	Tlf.	Jobb	Mail
Berit Kristin Klevmoen	61345052 93231814	Sokneprest	slidrepristen@gmail.com
Veslemøy Kvamme	61345095 95868588	Kyrkjeverje	vk766@kyrkja.no
Are Alund	99734175	Kantor	are.alund@gmail.com
Geir Kongslien	61345098	Trusopplærar og Kontorfullmektig	gk662@kyrkja.no
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	
Josue Tchami Ndonko	46902865	Kyrkjetenar i Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester	
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	
		Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel	
		Ringjar i Slidre	
		Reinhaldar i alle sokna	
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre	
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje	

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kyrkja.no/vestre-slidre>  
Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!

### God haust fra redaksjonen i kyrkjebladet!

Hugs: Du kan koma med innspel, kommentarar og idear til kva me kan ha med i kyrkjebladet på vskyrkjeblad@gmail.com.

*Johanna Fuglesteg, Sigrun Sørensen, Anne Karin Ruud Truberg,  
Per Olav Eide, Are Alund og Veslemøy Kvamme.*



### Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

**Lomen:** Joker Ryfoss,  
soknerådsmedlemmar

**Slidre:** Coop Slidre

**Røn:** Lena Maskin og Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

### Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos:

**Lomen:** Joker Ryfoss,  
soknerådsmedlemmar

**Slidre:** Coop Slidre

**Røn:** Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

### Bjørn Ingar Vistehagen

LASTEBILTRANSPORT

Telefon 99 23 55 75

**Brödrene  
Snortheimsmoen**  
Graving - Transport - Mobilknusing  
2960 Røn  
Tlf.: 957 26 310 - 917 92 750



**AUTOHUSET**  
VALDRES AS



**ASFALT**  
OG FRESESERVICE AS

Bjørn Einar Rye - 2918 Ulnes

Takk til annonsørane for støtte til kyrkjebladet!